



Også gutane fekk ein knallstart på Ekebergsletta. (Foto: Rosendal Turnlag si nettside)

Som jentelaget fekk også gutelaget til Rosendal/Uskedal ein knallstart i Norway Cup på Ekebergsletta. Dei vann 5-1 over Sykkylven i den første kampen, som vart spela sundag kveld. Kvinnheringane var heilt overlegne.

Russiske Marienburg-Catchina vann samstundes 1-0 over Søndre Land, men kvinnheringane ligg altså førebels først på puljetabellen med betre målskilnad.

Måndag ettermiddag skal Rosendal/Uskedal møte Søndre Land. Russarane møtar dei tirsdag.

Allereie tidleg i kampen sundag var det klart at laget vårt hadde full kontroll over motstandarlaget frå Ålesund-traktene. Etter at Vegard Fosse gav laget leiinga på straffespark tidleg i kampen, var det berre eit spørsmål om kor stor sigeren ville bli.

Vegard Ludvigsen og Sindre Omvik scora to mål kvar, medan Sykkylven som knapt hadde ein skikkeleg sjanse gjennom heile kampen, fekk eit trøystemål heilt på slutten. Då hadde ein bytta ut så godt som heile Rosendalslaget. Det vert elles meldt om at talentfulle Vegard Ludvigsen var den dominerande spelaren i kampen.

Desse uskedelingane er med på laget: Dag Rune Myklebust, Benjamin Taranger, Thomas Halvorsen og Torbjørn Steinsvik.

Det vert elles rapportert om ein svært varm dag på Ekebergsletta med mykje bra fotball og flotte opplevingar. Stemninga er på topp og vi ser fram mot det som vil skje dei nærmaste dagane.

Småjentene frå Rosendal tapte 2-0 for Vindafjord i den første kampen sin sundag.

Av Thor Inge Døssland